



VIOLET HILL MUSIC AS
Hovestølen 68
5303 FOLLESE

Dato: 29.06.2016
Vår ref.: 2016/573-114
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Tord Kleppe

Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2016 - søknader.

Utval for kultur- idrett og regional utvikling handsama søknaden i politisk sak 98/16 på møte den 08.06 d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20160401 var det kome inn 122 søknader. Samla søkesum var om lag 4 424 300 kroner. Det var totalt 748000 kr til fordeling under Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2016 - søknader. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn svært mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga, og med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

Individuell grunngjeving: Vi viser til saksframlegg og vedlegg. Desse vurderingane må lesast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Lenke til saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=206842&documentId=355815>

Lenke til vedlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=206842&documentId=359692>

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage – saksnummer 2016/573*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
Konst. Fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny Skaar
Seksjonsleiar / utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland og Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.